

Forsand – kongane Skarken og Franen.

I artikkelen "Gardvorden i Frafjord-dalen" ble det nevnt at Skarken og Frane kom i kamp med hverandre. Beretningen om kampen mellom disse to er hentet fra *Folkeminne* av Aamund Salveson, 1924. Dette sagnet er nedskrevet på et veldig gammelmodig nynorsk, men det blir i det følgende gjengitt med Maulands språkføring:

" På garden Øvstabø i Hundalen budde det i gamall tid ein konge som dei kalla Skarken. Han var den største og sterkaste av alle kongar i heile landet paa den tid, og ingen torde setja seg upp mot han.

På same tid budde det i Frafjorddalen ein konge som heitte Franen. Etter han skal Frafjord ha fenge navn. Desse kongane vitja kvarandre rett som det var, dei var ikkje lenge um å ferdast yver fjellet, som skil Frafjorddalen og Hunnedalen. Dei var tidt saman i gjestebod og var ei lang tid gode vener og vel forlikt. Men so var det ein gong dei kom til å trettast um kven som var den mektigste av dei. Den eine vilde vera stor og den andre ennå større. Dei heldt på skjellte kvarandre ut ein heil dag, og sistpå skildest dei som uvener.

Ikkje lenge etter fekk Skarken høyra, at Franen heldt på samla folk saman og vilde ta riket frå den andre. Då var ikkje Skarken sein i vendingi. Han skar upp herpil og sendte bod til alle mann i riket sitt at no måtte dei koma, der var fåre på ferde. Folk kom mann av huse og samlast på Øvstabø. No kunne Frafjord-kongen koma, meinte Skarken, so skulde han få vita kor David kjøpte ølet. Skark og hans folk lægra seg i ei stor urd ved ein foss, der dei visste Franen med sine hermener vilde koma forbi. Og dei trong ikkje venta lenge, fyrr dei kom. Men so snart dei var komne til urdi og tenkte på fred og ingen fåre, tok det til å vrimla i lufti med kvasse pilodder, so det vart eit stort mannefall. Frå fyrst av kunde ikkje Franen skyna kor pilene kom frå, då han ingen såg, men snart fant han ut at Øvstabø-skarken her var ute med sine fantestrik. So snudde han beint med dei menner han hadde att. Frå den dag var der ingen som torde våga seg i kast med Skarpen. Dei falne Frafjordbuar vart jorda i ein stor haug og ovanpå haugen vart lagd ein stor firkanta stein.

Ikkje lenge etter døydde Øvstabø-kongen. Han vart gravlagd tett ved ein stor stein, som den dag i dag heiter Skarkasteinen.

Dei gamle fortel at der i Frafjord inntil for 80 år sidan stod ein 3 alner høg bautastein, som dei kalla Frane, Denne steinen heldt dei for heilag og ofra til han kvar jolehelg. No ligg han yver ei stikk-renna i veggen. Soleis ber dei seg åt i Frafjord med dei gamle minne.